



Foto: Kjell Magnus Økland

Strandryddeseilas for å finna moder jord

Av [Hilde Elise Førde-Tislevoll](#)
Publisert 8. september 2018



Mottoet «Me er moderne sjørøvarar på tradisjonelle skuter, og skatten me grev fram er ein litt reinare planet» var i levande live tysdag 4. september. 32 frivillige born frå Bringedalsbygda skule og barnehage i Herøysund, deltok på tokta denne tysdagen. Skuta Seladon frakta sjørøvarane frå kaien i Herøysund til Vedaviko, og brukte til saman fire timar på å plukka boss. På denne tida rakk dei å rydda meir enn fire store sekker på omtrent 80 kilo kvar frå strandlinja i Vedaviko på Ånuglo.





STRANDRYDDING: Tredje, fjerde og femte klasse frå Bringedalsbygda skule i Herøysund, samt vilvettene frå Bringedalsbygda barnehage, deltok på strandryddinga i Vedaviko på Ånuglo denne tysdagen. Tøktet var eit samarbeid mellom kystsogevekene og FN-sambandet, der målet var å gjera barn meir beviste på ei berekraftig verd og ta vare på dyrelivet i nærmiljøet.

I tillegg til elevane frå Bringedalsbygda, deltok ordføraren i Tysnes kommune, Kaare M. Kleppe, og med Hardangerjakta Mathilde kom det ein annan gjeng på 18 elevar, som er på vekeslang leirskuletokt. Desse elevane går i 8. klasse ved Leveld og Torpo skule nær Ål i Hallingdal.

Finna moder jord

Tysdag frakta seglskuta Seladon ein gjeng med unge og håpefulle sjørøvarar frå Herøysund til Ånuglo på leit etter skattar. På veg til strandlinja i Vedaviko fortel Einar Matre, skippar og eigar av Seladon:

– I dag skal vi finna ein skatt. Veit de kva skatt eg snakkar om?

Ungane om bord lyttar nøye etter og roper ut:

– Under all plasten skal vi finna moder jord!



Skippar Einar Matre fortel nysgjerrige elevar frå Bringedalsbygda skule om forsøpling og konsekvensar av dette.

Idêt skuta nærmar seg viko, syng skippar og mannskapet «Skip O'hoi» for full hals. Barna har ein spennande og lærerik dag i vente.

Samarbeid

Kjell Magnus Økland frå Stiftinga Kystsogevekene har stått i spissen for å arrangera denne dagen saman med FN-sambandet i Bergen og Bergen og Omland Friluftsråd. Hovudfokuset denne dagen er å bevisstgjera dei unge på forureininga i havet og konsekvensar dette kan få for dyrelivet og miljøet ved havet.

– Vi er opptatt av at vi skal ha ei berekraftig verd, og ein kan byrja med å ta vare på lokal natur, og ta utgangspunkt i det ein har lett tilgjengeleg, fortel Kai Grieg frå FN.

– Vi ser at mange av barna er bevisste på denne problematikken, så det er heilt klart at ei haldningsendring er i gang, forset Økland.

Gravemaskin må til

Ungane ryddar iherdig i strandsona, og i løpet av dagen har dei samla opp

ni store «big bags» som veg mellom 60 til 80 kilo kvar.

– Det er eit stort engasjement og dei er kjempeflinke, fortel Økland, som tydeleg er imponert av dei små sjørøvarane som har teke vegen hit i dag.

– Vi har funne litt sjokoladepapir og veeldig masse gamle sprengleidningar, fortel elevar i fjerde klasse frå Bringedalsbygda skule, med sjokkerte ansikt over mengda plastavfall som har samla seg opp her.



Åshild Ø. Kolle fann store mengder med sprengleidningar i fjæra.

Økland legg til at det er lett å sjå at nokon har dumpa sprengavfall i fjorden, og straumane har teke det til denne flotte Vedaviko.

– Eg fann engelsk plast, bryt ein elev ut.

– Plasten ligg godt over ein meter ned i jorda, så vi blir ikkje ferdige i dag. Her trengs det ei gravemaskin for å utføra ein såkalla «totalvask».

– Det er ikkje berre nede i strandlinja det er plast, eg fann mykje inni ei grop her oppe, roper ein femteklassing ut, der han står eit stykke opp i hellinga frå sjøkanten.



Vendela Andersen var sjokkert over dei store mengdene med plast i strandlinja. Her vis ho fram litt av sprengleidningane ho fann.

Det var ikkje berre plast å finna her i dag, då mange paddar hoppa rundt i området.

– Eg trur vi må fjerna alle paddene, for så å ta vekk all plasten, før vi igjen kan setta paddene tilbake. Dei liker jo ikkje å leva i all den her plasten, fortel ei jente frå fjerdetrinnet.

Strandlinja består av plast

Økland estimerer at i området her er det berre 10 til 20 prosent biomasse medan dei resterande 80 til 90 prosentane er plast. Når ein går langs strandlinja, kjennest det nett ut som om kavringar og knekkebrød knuser under skoa. Det er mykje restar av norsk emballasje, og avfall frå utlandet har også funne vegen hit med havstraumen. Ein finn plast som er meir enn 50 år gammal, og det smuldrar rett og slett opp.

– Eg har gode dagar, og eg har dårlege dagar på jobb. Dette er jo rett og slett berre trist, fortel Rebekka Høgestøl, privatperson som har mykje erfaring med å arrangera plastryddedagar.

Lærarik dag

Før retur til kaia i Herøysund snakkar ein i fellesskap om opplevinga. Ivrig hender peikar i vêret, og spørsmåla kjem på løpande band. Kvifor kastar folk plast i havet? Er det meir plast enn fisk i havet? Kvifor tar ein ikkje gravemaskin og grev opp all mikroplasten? Det er tydeleg at skulebarna har blitt engasjerte, og på spørsmål om ein bør få inn ei gravemaskin og rydda vekk all plasten ropar alle ut:

– JA!

– Takka vere dykk er det nokon dyr som ikkje kjem til å eta den plasten de har plukka, avsluttar Grieg, før ferda går tilbake til fastlandet på skuta Seladon.



Skulebarna tilbake ved kaia i Herøysund etter ein vel gjennomført ryddedag.



 strandsone Herøysundet plast Bossrydding

Kommentarar til denne saka

0 kommentarar

E-POSTVARSLING

Kjell Magnus Økland

Din kommentar...

☐ [Debattreglar](#)

KOMMENTER

Til toppen



Adresse: Lonabråtet 5460 Husnes • Ansvarleg redaktør/dagleg leiar: Tomas Bruvik • Salssjef: Merete Lillesand
• Tips oss! Tlf: 53 48 21 45 E-post: redaksjon@kvinnheringen.no • [Personvernpolicy](#) / [Informasjonskapsler](#)

Kvinnheringen © 2018